

Interpellasjon til kommunestyret 25.11.2015

Frå Stian Lavik, Kristeleg Folkeparti

For folk flest kan det vera vanskeleg å vita kven ein skal kontakta når det dukkar opp ulike problem. Det kan vera feil som på avløp, veg, parkering, busstur, lyktestolpar, leikeplassar eller andre ting. Kommunen er ein stor arbeidsplass, og det kan vera vanskeleg å vita kven som har ansvar for kva.

Det må alltid vera eit mål å gje best mogelege tenester og service til innbyggjarane i kommunen. Ein del av dette er at kommunen er enkelt tilgjengeleg som lokal styresmakt og kan ta imot meldingar om feil eller manglar nærområdet, anten det er ei knust rute i eit busstur, eit hol i vegen eller ei gatelykt som ikkje verkar.

Den kommunale organisasjonen har ikkje alltid oversikt over alt i kommunen. Folk irriterer seg gjerne over at kommunen ikkje har ordna opp i noko, men ofte kan det henda at kommunen rett og slett ikkje veit om problemet.

Kristeleg Folkeparti vil derfor foreslå at kommunen etablerer tenesta "Feilmeldinga", ei teneste der innbyggjarane enkelt kan melda inn slike saker gjennom ei eiga nettside. Der skal den som melder frå kunna fortelja kva saka gjeld, kvar i kommunen feilen er, osv. Saka vil så bli oppretta i systemet og hamna i ein kø, slik at tilsette i kommunen kan plukka henne opp og handsama den vidare. Dersom saka som er meldt inn ikkje er eit kommunalt ansvar, kan kommunen vidareformidla meldinga til rette instans. Status for saka vil så vera synleg ut på den same nettsida der ho vart meldt inn, slik at alle kan følgja med korleis det går.

Vi meiner ei slik teneste vil ta innbyggjarane på alvor, og gjera det enklare å kommunisera om enkle saker. Dette er også eit steg i retning av å ta i bruk ein digital plattform for samhandling mellom kommunale organisasjonen og innbyggjarane. I tillegg vil det også hjelpa kommunen, gjennom at mange fleire enkelt kan melda frå om ting som ikkje er i orden rundt omkring.

Fleire kommunar har allereie innført ei slik teneste med suksess, td. Bergen, Fredrikstad, og Tromsø. I følgje IKT Nordhordland har dei allereie klar ei teknisk løysing for å starta opp ei slik teneste, kalt "Gata mi". Denne løysinga kan tilpassast Meland kommune sin profil og setjast opp slik at den er mest mogeleg målretta mot våre innbyggjarar. "Gata mi" er det systemet td. Tromsø brukar.

KrF legg fram følgjane framlegg til vedtak i denne saka:

"Administrasjonen kontaktar IKT Nordhordland for å starta opp ei feilmeldingsteneste for innbyggjarane. i kommunen. Tenesta skal setjast opp av IKT Nordhordland, og skal setjast opp så snart det er tenleg. Feilmeldingstenesta skal vera tilgjengeleg frå kommunen si heimeside, marknadsførast til innbyggjarane gjennom vanlege kommunale kunngjeringar og gjennom andre tenlege kanalar. Kommunestyret skal orienterast når tenesta er tilgjengeleg for innbyggjarane.

Det vert sett ei ramme for å starta denne tenesta på NOK 25 000,-. Dersom det er trong for ei større økonomisk ramme, skal administrasjonen koma attende til kommunestyret og orientera om dette, evt. be om meir pengar."